

Utval: KIKS - Styret  
Møtestad: Scandic Bystranda  
Dato: 15.05.2019  
Tid: 11:00

Forfall meldast til administrasjonen på e-post til: [post@konsesjonskraft.no](mailto:post@konsesjonskraft.no) som syter for innkalling av varamenn. Varamenn møter berre ved spesiell innkalling.

Innkalling er sendt til:

Namn	Funksjon	Representerer
Mari Mykland	NESTL	
Jon Rolf Næss	MEDL	
Terje Damman	LEDER	
Svein Arne Jerstad	MEDL	
Torunn Ostad	MEDL	
Margrethe Handeland	MEDL	
Jon-Olav Strand	MEDL	

Revisor skal ha sin årlege samtale med styret i dette møtet, i tillegg til å vere med på gjennomgangen av Årsmelding og årsrekneskap 2018

Terje Damman  
styreleiar

Glenn Qvam Håkonsesn  
dagleg leiar

<b>Saksnummer</b>	<b>Innhold</b>
PS 8/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 9/19	Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 19.3.2019
PS 10/19	Referatsaker
RS 3/19	Vedrørende Olje- og energidepartementet sitt vedtak av 29. august 2018 - krav på etteroppgjer for perioden 2000-2018
PS 11/19	Orienteringar
OS 1/19	Sira-Kvina - Delingsfaktor og mva
PS 12/19	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 13/19	Årsmelding og årsrekneskap 2018
PS 14/19	Revidering av selskapsavtale grunna kommune- og fylkessamanslåing
PS 15/19	Eventuelt



**PS 8/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

# Møteprotokoll

*KIKS - Styret*

**Møtestad:** Froland kommunehus

**Dato:** 19.03.2019

**Tid:** 10:00

**Følgende politikere møtte:**

Namn	Funksjon	Vara for
Terje Damman	Leder	
Torunn Ostad	Medlem	
Jon-Olav Strand	Medlem	
Mari Mykland	Nestleder	
Jon Rolf Næss	Medlem	
Margit Smeland	Varamedlem	Svein Arne Jerstad

**Frå administrasjonen og andre som møtte:**

Namn

Anne Liv Lidtveit

Glenn Qvam Håkonsen

Sveinung Skjevraak

Reidar Saga

Laila Rysstad

**Godkjenning av innkalling og sakliste:**

Valle, 28.03.2019

Anne Liv Lidtveit

Utvalssekretær

**Godkjenning av møteprotokoll.**

-----

-----

-----

<b>Saksnummer</b>	<b>Innhald</b>
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/19	Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 12.11.2018
PS 3/19	Referatsaker
RS 1/19	Referat frå møte mellom LVK og KIKS 08.02.2019
RS 2/19	Datalagringscenter
PS 4/19	Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning
PS 5/19	Drøftingssaker
DR 2/19	Ny layout på Årsmelding
DR 3/19	Revidering av selskapsavtale som fylgje av kommune- og fylkessamanslåing
PS 6/19	Kraftgrunnlag Sira-Kvina etteroppgrjer 2000-2018
PS 7/19	Eventuelt

### **PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.03.2019**

Ingen merknader. Innkalling og sakliste godkjent.

### **PS 2/19 Godkjenning av møteprotokoll frå styremøte 12.11.2018**

#### **Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.03.2019**

Ingen merknader til protokollen.

### **PS 3/19 Referatsaker**

#### **Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.03.2019**

Styret tok referatsakene til orientering.

### **RS 1/19 Referat frå møte mellom LVK og KIKS 08.02.2019**

#### **RS 2/19 Datalagringscenter**

### **PS 4/19 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning**

#### **Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.03.2019**

Styret tok rapporteringa til orientering

## **PS 5/19 Drøftingssaker**

### **Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.03.2019**

Styret tok drøftingssakene til orientering og diskusjon. Ny styresak om selskapsavtalen i neste møte.

## **DR 2/19 Ny layout på Årsmelding**

## **DR 3/19 Revidering av selskapsavtale som fylgje av kommune- og fylkessamanslåing**

## **PS 6/19 Kraftgrunnlag Sira-Kvina etteroppgjer 2000-2018**

### **Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.03.2019**

#### **Handsaming:**

Dagleg leiar Glenn Qvam Håkonsesn orienterte.

Framlegg til tillegg frå Terje Damman:

Kravet fremjast med føremål om å inngå en minneleg avtale overfor Sira-Kvina kraftselskap om etteroppgjøret frå Sira-Kvina-vassdraga for perioden KIKS forvaltar krafta på vegne av kommunane og fylkeskommunane. Vedtaket inneber ingen erkjenning av kommunanes og fylkeskommunanes rettslege plikt til tilbakebetaling av for mykje motteke konsesjonskraft frå Sira-Kvina kraftselskap.

Tilråding med tillegg blei samrøystes vedtatt.

#### **Vedtak:**

Styret vedtek at KIKS skal sende krav om etteroppgjer på kr 70 440 476 til Sira-Kvina kraftselskap for perioden 2000-2018

Kravet fremjast med føremål om å inngå en minneleg avtale overfor Sira-Kvina kraftselskap om etteroppgjøret frå Sira-Kvina-vassdraga for perioden KIKS forvaltar krafta på vegne av kommunane og fylkeskommunane. Vedtaket inneber ingen erkjenning av kommunanes og fylkeskommunanes rettslege plikt til tilbakebetaling av for mykje motteke konsesjonskraft frå Sira-Kvina kraftselskap.

## **PS 7/19 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i KIKS - Styret - 19.03.2019**

#### **\* Seminar og representantskap**

12. og 13. juni på Lindesnes havhotell

#### **\* Styremøte 3. mai**

Fleire av styremedlemmene kan ikkje møte denne dagen.

Endra til onsdag 15. mai kl 11.00 - 15.00.

**PS 10/19 Referatsaker**



Sira Kvina kraftselskap  
Postboks 38  
4441 TONSTAD

Sendt per e-post til [firmapost@sirakvina.no](mailto:firmapost@sirakvina.no)

Att. Brynjar Bø

Vår ref:  
2016/11-19

Sakshandsamar:  
Anne Liv Lidtveit  
☎ 379 37 500  
[all@konsesjonskraft.no](mailto:all@konsesjonskraft.no)

Arkiv:

Dato:  
12.04.2019

## **Vedrørende Olje- og energidepartementet sitt vedtak av 29. august 2018 - krav på etteroppgjer for perioden 2000-2018**

Eg visar til tidlegare korrespondanse i saka, sist brev frå Sira-Kvina kraftselskap (SKK) datert 9. april 2019.

Det nemnde brevet er ei tilbakemelding frå SKK på vårt brev av 1. april 2019. Vi bad i brevet om tilbakemelding på utrekninga av kravet som styret i Konsesjonskraft IKS (KIKS) har vedteke å fremje mot SKK som fylgje av vedtaket 29. august 2018 i Olje- og energidepartementet (OED). KIKS oppfattar at SKK er einige i utrekningane våre, og såleis at kravet er på totalt kr 70 440 476 ekskl. mva.

KIKS tek atterhald om å framsette eit tilleggskrav på meirverdiavgift som skal bereknast på kravet. Ein ventar på SKK si avklaring med Skatteetaten på korleis meirverdiavgift skal handterast i samband med etteroppgjeret, og føreset at SKK held oss informert om utfallet.

KIKS poengeter at vi berre handterer etteroppgjeret for dei periodane kommunane og fylkeskommunane har vore deltakarar i KIKS. KIKS har ikkje noko ansvar, verken aleine eller solidarisk, for dei kommunane som står utanfor KIKS, eller for perioden før kommunane og fylkeskommunen blei deltakar i KIKS.

Kravet gjeld etteroppgjer for at det er levert for lite konsesjonskraft til Bykle, Valle og Bygland kommunar og Aust-Agder fylkeskommune i perioden 1. januar 2000-31. desember 2018 og til Flekkefjord og Sirdal kommunar og Vest-Agder fylkeskommune i perioden 1. januar 2015-31. desember 2018. Det er gjort frådrag for at Kvinesdal kommune og Vest-Agder fylkeskommune i perioden 1. januar 2015-31. desember 2018 har motteke for mykje konsesjonskraft.

---

Postadresse:	Telefon:	Epost:
4747 Valle	37 93 75 00	<a href="mailto:post@konsesjonskraft.no">post@konsesjonskraft.no</a>
Organisasjonsnr: 971 330 937		
Bankgiro: 8111.05.25273		

Kravet er fremja med føremål å inngå ein minneleg avtale med Sira-Kvina kraftselskap, jf. styrevedtak 6/19, referert i vårt brev av 1. april 2019, kor det også er stadfesta at vedtaket ikkje inneber noka «*erkjening av kommunanes og fylkeskommunanes rettslege plikt til tilbakebetaling av for mykje mottek konsesjonskraft frå Sira-Kvina kraftselskap*». I dette ligg at frådraget for kraft levert til Kvinesdal og Vest-Agder fylkeskommune i perioden 1. januar 2015-31. desember 2018 er gitt under føresetnad at Sira-Kvina kraftselskap aksepterer og utbetalar kravet innan ein månad frå brevets dato.

KIKS tek altså atterhald om det rettslege grunnlaget for kommunane og fylkeskommunane si tilbakebetalingsplikt der det er levert for mykje konsesjonskraft. KIKS tek vidare atterhald om å trekke tilbake tilbodet om frådrag for etteroppgjer av for mykje levert konsesjonskraft til Kvinesdal kommune og Vest-Agder fylkeskommune dersom etteroppgjøret ikkje vert utbetalt innan nemnde frist. Ein gjer også gjeldande at kravet skal betalast uavhengig av korleis andre konsesjonskraftmottakarar stiller seg til krav som SKK har retta mot dei som fylgje av OED sitt vedtak.

Dette brevet er å rekne som eit søksmålsvarsel, jf. tvistelova § 5-2.

Ein ber etter denne gjennomgangen om at SKK innan ein månad frå brevets dato innbetalar kr 70 440 476 eks mva til KIKS sin bankkonto nr. 8111.05.25273. Ved forsinka betaling vert det også rekna forseinkingsrente, jf. lov 17. desember 1976 nr. 100 om forsinka betaling.

Med helsing

Glenn Qvam Håkonsen  
Dagleg leiar

*Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur.*

**PS 11/19 Orienteringar**

**OS 1/19 Sira-Kvina - Delingsfaktor og mva**

**PS 12/19 Rapportering - hedging, trading og formuesforvaltning**

## *Saksframlegg*

# Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
13/19	KIKS - Styret	15.05.2019
	KIKS - Representantskapet	13.06.2019

## Årsmelding og årsrekneskap 2018

### *Dagleg leiar tilrår:*

Årsmelding og årsrekneskap for 2018 blir vedtatt

### *Saksutgreiing:*

#### **1. Bakgrunn for saka**

Utkast til årsmelding og årsrekneskap 2018 vert lagt fram for styret for behandling

#### **2. Saksopplysningar**

#### **3. Vurdering**

Vedlagt fylgjer utkast til årsmelding og årsrekneskap

Valle, den 06.05.2019

Glenn Qvam Håkonsen  
dagleg leiar

# ÅRSMELDING 2018





<b>3</b>	<b>Konsesjonskraft IKS</b>
4	Styreleiar har ordet
5	Dagleg leiar har ordet
6	Controller har ordet
<b>8</b>	<b>Årsmelding</b>
10	Inntekter og kostnader
12	Risiko
12	Eigardel og ansvarsdel
13	Administrasjon
14	Representantskap og styre
<b>17</b>	<b>Rekneskap</b>
17	Resultatrekneskap
18	Balanserekneskap
19	Kontantstraumsanalyse
<b>21</b>	<b>Noter</b>
<b>30</b>	<b>Revisjonsberetning</b>

---

# Konsesjonskraft IKS

---

Konsesjonskraft IKS (KIKS) er eit interkommunalt selskap organisert i medhald av lov om interkommunale selskap. Selskapet er lokalisert med kontorstad i Valle i Setesdal.

Inntil totalt forbruk i kommunen, har dei kommunane som anten er kraftverkskommune, fallkommune eller magasinkommune rett på til saman ca. 10 % av kraftmengda produsert i kraftverket. Har kommunen rett på meir kraft enn forbruket er i kommunen, tilfelloverskytande kraftmengde fylkeskommunen, dersom ikkje anna er avtalt. Krafta det her er tale om blir kalla konsesjonskraft, og er heilt vanleg vasskraft.

Primærformålet med selskapet er sal av konsesjonskraft på vegne av deltakarkommunane.

Selskapet si overordna målsetting er å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane. KIKS vaktar og forsvargar deltakarane sine rettar, tek vare på verdien og fører den attende til deltakarane. KIKS arbeider kvar dag for å sikre deltakarane sine verdiar på ein langsiktig og god måte, gjennom dei grunnleggande verdiane i selskapet:

**Truverde** – at all verksemd i KIKS skal vere basert på samfunnsmessige vurderingar

**Kvalitet** – at alle gjeremål skal kvalitetssikrast og kontinuerleg arbeid med kvalitetsutvikling

**Tryggleik** – at ein skal legge til grunn ein langsiktig tankegang i alle sine gjeremål

---

## Styreleiar har ordet

---

Konsesjonskraft IKS (KIKS) er det einaste samarbeidet av sitt slag i landet. Med 20 kommunar og to fylkeskommunar som omset 871 GWh, er det ein betydeleg aktør i konsesjonskraftsamanheng.

Når kommunar og fylkeskommunar samarbeider blir det ein storleik på konsesjonskrafta som gjer det lønsamt å ha ein administrasjon som kan arbeide målretta med å take vare på verdien.

I 2018 har KIKS, saman med LVK og Åseral kommune vore partshjelp for OED i rettsak om prisspørsmål i Mandalsvassdraget. OED fekk fullt gjennomslag i tingretten, men Agder Energi har anka og saka skal opp i lagmannsretten.

I august kom OED med endeleg avgjerd på kraftgrunnlag i Sira-Kvina, ei sak som har halde på sidan 2003. Med etteroppgjer tilbake til 2000, gir det relativt store økonomiske utslag og kompliserte tilbakerekningar. KIKS har arbeidd med dette på detaljnivå, samtidig som ein har tatt ei koordinerande rolle for kommunesida opp mot Sira-Kvina kraftselskap.

Men det er dei små, daglege sakene, dei sakene som ikkje får mykje merksemd, som også syner verdien av å ha ein dedikert administrasjon. I arbeidet med detaljane opparbeider KIKS seg ein kompetanse som er svært viktig for kommunesida å ha, spesielt for eit selskap der 1 øre/kWh utgjer kr 8,71 mill på eitt år.

Styret i KIKS er svært fornøgd med arbeidet administrasjonen gjer på dette området, og det er viktig at KIKS held fram arbeidet sitt med å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane. Ikkje berre til beste for deltakarane i KIKS, men også i samarbeid med LVK og Kraftfylka slik at ein på best muleg måte kan vakte rettane som gir viktige inntekter for kommunane og fylkeskommunane.

Valle, 1.4.2019

**Terje Damman**

*Styreleiar*





---

## Dagleg leiar har ordet

---

2018 var året med mykje ver, generelt høge kraftprisar og ein kraftmarknad som fekk meir merksemd i media enn vi er vane med. Særleg fekk ein knusktørr sommar, ein søkkvåt haust og ein stor kraftaktør som gjekk over ende stort fokus. For kraftmarknaden var det som skjedde dramatisk, men resultatet for vår del blei mindre påverka grunna ein velfungerande risikostrategi.

Nettopp risikostrategien har hatt stort fokus i 2018. I løpet av året har administrasjonen i samråd med styret, porteføljeutvalet, studentoppgåver frå UiA og forvaltaren vår Entelios, revidert risikostrategien for å gi jamnare resultat frå år til år. Risikostrategien gir administrasjonen handlingsrom og rammer på ein måte som er med på å sikre deltakarane påreknelege og stabile inntekter.

KIKS har eit ønske om å kunne bidra og gjere ein forskjell for deltakarane våre. Derfor jobbar vi kvar dag med både dei store linjene og dei mindre detaljane. Når vi finn feil i kraftprisgrunnlaget til ein konsesjonær, utgjer det millionbeløp for deltakarane våre, og då er det viktig for oss å ha ein strategiplan som opnar for arbeid både på overordna plan og på detaljnivå. Vi er også glade for å oppleve styret som framoverretta og interesserte i konsesjonskraft og arbeidet vi gjer i det daglege.

I mai fekk KIKS overlevert ein knallblå elbil. Raskt har vi lært både gledene og utfordringane med miljøvennleg køyring. Vi har kjent på kor fantastisk det er å køyre grønt og effektivt i den eine augneblinken, til å ha lite batteri og henge rundt ein hurtigladar på veg heim frå møter i Oslo ein fredagskveld i den andre augneblinken. Begge til varierende glede og stor diskusjon.

Det er ikkje berre når det kjem til elbil administrasjonen diskuterer. Gjennom året er takhøgda stor for meningsutvekslingar og kompetansedeling, og vi blir med det sterkare rusta til å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane.

Valle, 1.4.2019

**Glenn Qvam Håkonsen**

*Dagleg leiar*



---

## Controller har ordet

---

Vedtatt risikoreglement har følgende formulering vedrørende controllers arbeid:

Controller skal sjå til at krafthandel, oppfølging og rapportering skjer i samsvar med risikostrategien.

Controller har bl.a. utført følgende kontrolloppgaver i 2018:

- 1 Finansiell sikring av kraft er på løpende basis kontrollert mot sikringsstrategiens bestemmelser.
- 2 Periodiske kontroller av at valutasikret volum tilsvarer finansielt sikret volum.
- 3 Ad hoc kontroller ved behov.
- 4 Periodiske kontroller av at generelle rutiner følges.

Kontrollverktøy er videreutviklet i 2018, samtidig som administrasjonen har jobbet målrettet med sine kontrollrutiner. Kontrollarbeidet har også i 2018 vært lagt opp slik at kontrollen er proaktiv der dette er mulig, og dokumenter som er vesentlige for å holde seg innen risikostrategien er kontrollert. Administrasjonen i KIKS har i betydelig grad benyttet de fullmakter som risikoreglementet gir til å avvike fra normalstrategien og til å foreta avvikshandler. Kontrollen har ikke avdekket vesentlige avvik.

Controller rapporterer ved behov til daglig leder, og det er i 2018 i utarbeidet en rapport for 11 måneder. Det har vært jevnlig kontakt med daglig leder.

Controller har deltatt på porteføljeutvalgsmøter, styremøter, representantskapsmøter og andre aktuelle møter.

2018 var det siste året hvor controllerfunksjonen er blitt ivaretatt av Aust-Agder fylkeskommune. Avtalen med Konesjonskraft IKS opphørte 30.11.2018. Med virkning fra 1.12.18 har Valle kommune overtatt controllerfunksjonen, og det er nå Laila Rysstad som er controller for KIKS.

Jeg takker nå for meg, og ser frem til videre arbeid med konesjonskraft som medlem av porteføljeutvalget.

Arendal, 25.3.2019

**Bent Sørensen**  
Controller





**20**

kommunar

**2**

fylkeskommunar

**871 GWh**



---

# Årsmelding 2018

---

Styret legg med dette fram årsmeldinga for driftsåret 2018, og årsreksneskapet er gjort opp under føresetnad om framleis vidare drift.

## Oppfølging av strategiplan

Strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp blei vedtatt desember 2017. KIKS sitt overordna mål er framleis å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane. I tillegg har ein i strategiplanen definert totalt åtte delmål som saman skal oppfylle det overordna målet om å vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane.

KIKS skal som eit av delmåla trygge konsesjonskraftordninga som kommunal og fylkeskommunal rett. Dette gjer vi mellom anna gjennom informasjon til kommune og fylkesting. I tillegg arrangerer KIKS kvar vår eit seminar for deltakarane.

Det er høg kompetanse på fleire fagfelt som er relevant for arbeidet i KIKS, men det er komplekst og nærmast umuleg å ha full oversikt over alle område av konsesjonskraftordninga. Det gjer at vi jamleg gjer bruk av eksterne samarbeidspartnarar som mellom anna hydrolog og advokat. Dette er med på å oppfylle eit anna delmål i strategiplanen, nemleg at KIKS skal trygge verdien av konsesjonskraftordninga.

Dette delmålet heng saman med det neste; å sikre deltakarane påreknelege og stabile inntekter. I løpet av 2018 har vi gjort ein del endringar på det operasjonelle området, som vi meiner skal vere med å senke kostnadane ved krafthandel, og dermed også potensielt auke inntektene – utan at det går ut over kvalitet og risiko.

Eit av delmåla seier at vi skal ha fokus på læring og kunnskap i alle ledd, både politisk, administrativt og i skuleverket. Politikarane i styret får kompetanseheving i styremøta, representantskapet og porteføljeutvalet det same. I tillegg til dette, er tidlegare nemnde seminar eit viktig tiltak for å sette konsesjonskraft på dagsorden i kommunane og fylkeskommunane. Vel så viktige som deltakarane, er skuleverket. Vi har gjennom fleire år nå hatt eit undervisningsopplegg i ungdomsskulen. I 2018 besøkte vi seks skular, og fleire er interessert i eit opplegg i 2019. Også bachelorstudentar på Universitetet i Agder får kjennskap til KIKS gjennom si skriving av avsluttande bacheloroppgåver med problemstillingar relevante for KIKS.

For KIKS er det viktig at ein samarbeider om millionane, ikkje slåst om kronene. At kommunar og fylkeskommunar kan samarbeide gjennom KIKS, visar dette. Men også vårt ønskje om å samarbeide med andre interesseorganisasjonar og offentlege etatar, visar vårt framhaldande arbeid om å jobbe for heile konsesjonskraftordninga som heilskap, og ikkje berre for egne deltakarar.

## Konsesjonskraftvolum

Konsesjonskraft IKS tek ut kraft frå 13 konsesjonærar, i totalt 10 vassdrag. Totalt er det tale om 50 kraftverk, og heile 870,8 GWh. Vår konsesjonskraftmengde tilsvarar straum til litt over 50 000 husstandar, eller tilnærma alle husstandar i Aust-Agder.

Vårt største kraftverk er Tonstad kraftverk på totalt 125,9 GWh. Kraftverket ligg i Sira-Kvina-vassdraget, som samla sett er det nest største vassdraget i porteføljen til KIKS. Det største er Otra-vassdraget, som med sine 12 kraftverk til saman gir 296,8 GWh med konsesjonskraft til KIKS. Dersom ein reknar ei nettoinntekt på ca. 13 øre/kWh, så utgjør Otra-vassdraget i underkant av 40 millionar i inntekter til deltakarane i KIKS, eller ca. 35 % av totalinntektene.

Konsesjonskraft IKS er opptatt av å ta vare på også dei små verdiane. Vasskrafta er evigvarande, så sjølv små volum gir sikre inntekter til kommunane for all framtid. Derfor har vi også fleire små kraftverk i porteføljen. Det minste er Skripelandsfossen på berre 0,175 GWh, og vil utgjere ca. kr 25 000,- nettoinntekt for deltakarane.

Sirdal kommune er den kommunen med flest kraftverk som KIKS tek ut konsesjonskraft frå. Heile åtte kraftverk finn vi her. Totalt sett er det fire kommunar som ikkje har kraftverk innanfor kommunegrensene, Arendal, Audnedal, Hægebostad og Kristiansand. Desse kommunane får likevel konsesjonskraft fordi dei anten har magasin eller fall i kommunen som blir brukt i kraftproduksjon som gir konsesjonskraft til KIKS.

For KIKS sin del er det viktig å få all kraft på nett til rett tid og til rett pris. Fordi bestillingsfristen er eitt år, melder vi uttak av konsesjonskraft også før kraftverket produserer straum. Då er vi sikra at vi får alle verdiane kommunane har krav på, frå fyrste dag.

Enkelte forhold er uavklarte, eller vi er ueinige med kraftverket om konsesjonskraftvolumet eller prisen. Då jobbar vi systematisk for å få lukka slike avvik.

## Endring av system for finansielt og fysisk oppgjør

Frå 2014 har Danske Bank levert ei teneste som kallast GCM, som er eit slags bindeledd mot NasdaqOMX som tek seg av den finansielle sikringshandelen vi gjer. I 2018 gav Danske Bank beskjed om at denne tenesta ville bli lagt ned i løpet av året, og KIKS måtte derfor finne ei anna løysing.

Etter grundig vurdering av alternativa så enda vi på ei løysing der forvaltaren vår Entelios (tidlegare Los Energy) tok over Danske Bank sin funksjon for den finansielle handelen, inkludert valutahandelen.

Oppgjøret for den fysiske handelen blei også lagt under Entelios. Dette medfører at KIKS ikkje lenger er medlem på NordPool, men handlar all fysisk kraft gjennom Entelios.

Endringa av forvaltningsregime har medført at kostnadane til konsesjonskraftforvaltning har flytta seg frå finanskostnad på grunn av kassakreditt, til driftskostnad grunna auka gebyr til forvaltar. Då endringa av system blei gjort midt i året, vil ein sjå full effekt av dette i 2019.

# Inntekter og kostnader

## Driftsinntekter og driftskostnader

I 2018 selde KIKS totalt 870,8 GWh konsesjonskraft. Av dette blei 869,9 GWh omsett fysisk på NordPool Spot, og 0,9 GWh blei levert som finansiell leveringsavtale basert på NordPool spotprisar.

Driftsinntektene svarar seg frå sal av kraft i marknaden. Spotprisen for 2018 blei 41,6 øre/kWh, den høgaste på mange år. KIKS sin risikostrategi pålegg at store delar av krafta for 2018 blir sikra i perioden 2015-2017, då prisane var lågare. KIKS oppnådde då ei brutto inntekt på 25,4 øre/kWh, som gjev ei driftsinntekt på kr 221 050 895.

Kjøpskostnaden er i det store og heile jamn. Kjøpspris består av sjølvkost, anten individuell eller såkalla OED-pris, sentralnettskostnader og nettap. KIKS har arbeidd mykje med kvalitetssikring av kjøpsprisen, sjå elles note 2.

Som tabellen visar, har vi dei siste åra hatt stort fokus på driftskostnadane. Utvidinga av selskapet til også å inkludere deltakarane frå Vest-Agder i 2014 kosta pengar, men vi er nå nede på eit lågare nivå på driftskostnader enn før Vest-Agder kom med. Dei stordriftsfordelane ein trudde ville kome, har nå slått inn for fullt.

Samla driftskostnader er på kr 7 909 208, som er kr 1 064 487 høgare enn 2017. Danske bank la ned GCM i 2018, og KIKS måtte endre oppsett og flytte kontraktar over på ny løysing hos Entelios. Denne kostnaden er berekna til kr 1 600 000, noko som betyr at utan denne endringa ville driftskostnadane vore redusert i 2018.

### Salspris i øre/kWh

	2014	2015	2016	2017	2018
Oppnådd pris	33,6	29,9	27,7	25,6	25,4
Spotpris	23,3	21,0	26,9	27,2	41,6

### Kjøpspris i øre/kWh

	2014	2015	2016	2017	2018
Snitt kjøpspris	12,04	11,7	11,5	11,8	11,34

### Driftskostnader KIKS

	2014	2015	2016	2017	2018
Driftskostnader i Kr	7 575 629	8 056 000	7 744 033	6 844 721	7 909 208
Volum i GWh	564,6	859,6	860,9	862,3	870,8
Driftskostnad i øre/kWh	1,34	0,94	0,90	0,79	0,91

## Finansinntekter og finanskostnader

Avkastninga på reservekapitalen utgjer kr -682 183 (-0,5 % p.a.) mot kr 4 625 660 (3,8 % p.a.) for 2017. 2018 var eit turbulent år i finansmarknaden og både aksjar og rentepapir hadde lågare avkastning enn normalt.

I 2017 blei det endra regelverk som gjorde at KIKS måtte bruke kassakreditt framfor garantiar i margin-krav på finansiell handel. Når kraftprisane går opp og KIKS har finansielt sikra krafta til ein lågare pris, vil vi måtte stille tilsvarande meir kassakreditt som garanti for prisauken. Kraftprisane auka mykje i 2018 og difor blei det og ein kostnad på kassakreditt på kr 671 424.

I løpet av 2018 endra KIKS måten å turnere dette på og flytta kontraktane over til Entelios og fekk ein avtale som gjorde at KIKS ikkje treng å stille kassakreditt som garanti. Berekingar viser at KIKS måtte betalt om lag kr 1 200 000 meir i kassakreditt i 2018 utan denne avtalen.

Netto finans i 2018 var kr -468 843.

## Resultat og reservekapital

Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter er på kr 113 940 899 mot kr 117 412 265 i 2017.

For å kunne ta høgde for uventa kostnader og hendingar, har deltakarane vedtatt at ein skal ha ein reservekapital i selskapet. Denne skal fyrst og fremst brukast til å dekke særskilte kostnader og eventuelle avviksoppgjjer, men også til å jamne ut inntektene slik at deltakarane får påreknelege inntekter dei kan budsjettere med.

Avsett reservekapital etter årsoppgjersdisposisjonar er kr 157 757 980, etter overføring av udisponert resultat kr 10 086 899. Det blei budsjettert med ein reduksjon av reservekapital, men høge spotprisar samtidig som KIKS var undersikra i høve risiko-strategien ga høgare resultat enn budsjett. Det budsjetterast med ein reduksjon i reservekapital i 2019 og 2020, men dette er svært avhengig av utviklinga på kraftprisar.

### Utbetalingar/avsettingar reservekapital i øre/kWh

	2014	2015	2016	2017	2018
Utbetalt deltakarane	19,9	14,9	13	10,7	11,9
Avsett reservekapital	1,3	2,6	2,6	2,9	1,2
Til saman	21,2	17,5	15,6	13,6	13,1

---

## Risiko

---

Selskapet har fokus på risiko kvar dag, og har kodifisert dette gjennom fyrste delmål i strategiplanen der det heiter at KIKS skal «ha den administrative og operative risikoen under kontroll til ei kvar tid, både kortsiktig og langsiktig risiko».

Det er særleg knytt til kraftforvaltning at fokuset på risiko kjem til uttrykk. Fordi kraft- og valutamarknaden svingar, og kan gi store variasjonar i inntekter, har selskapet ein risikostrategi ved handel av kraft. Målet med risikostrategien er å sikre deltakarkommunane og -fylkeskommunane påreklelege og stabile inntekter ved å sikre konsesjonskrafta, ikkje berre selje den på spot.

Risikostrategien blei revidert hausten 2018. Sikringsgraden blei då endra frå 95 % til 85 %, då studiar har vist at dette gir jamnare resultat over tid. Sikringa startar 1.januar 3 år før leveringsåret, og det sikrast jamt fram til 31. desember før leveringsåret. Risikostrategien opnar for at ein kan avvike frå strategien dersom kraftprognosane talar for det.

KIKS kjøper kontrollertjenester utanfrå eigen organisasjon, og controller skal utelukkande kontrollere og rapportere på krafthandel. Controller skal både tene som kvalitetssikring av krafthandelen, men også redusere den samla administrative risikoen.

Områderisikoen, altså forskjellar i pris på kraft i Sør-Noreg og heile Norden, vert ikkje sikra.

I tillegg til den finansielle risikoen, blir det kontinuerleg arbeid med å ha oversikt og kontroll på administrativ risiko, og det er blant anna utarbeidd ein administrativ beredskapsplan. Vi har avtale med Setesdal IKT om leveranse av IT-tjenester.

---

## Eigardel og ansvarsdel

---

Selskapsavtalen frå 2014 går fram til og med 31. desember 2029.

Eigardelen er fastsett i selskapsavtalen § 12, basert på vurdert konsesjonskraftvolum per august 2014. Revisjon av eigardelen skal etter selskapsavtalen skje etter avlagt rekneskap for 2018. På grunn av kommune- og fylkestingssamanslåingar er dette utsett til etter 2019, jf. vedtak i representantskapet i sak 11/18.

I representantskapet har kvar deltakar 1 stemme per GWh konsesjonskraft per 1. januar i vedkomande år.



# Administrasjon

## Arbeidsmiljø og ytre miljø

KIKS har per 31. desember 2018 tre fast tilsette i til saman 3 årsverk, ei kvinne og to menn. I tillegg til desse tre, har selskapet ein rådgjevar på pensjonistvilkår med avlønning per time, tilsvarande ca. 50 % stilling.

Sjuefråveret i 2018 var på omlag 0,53 %.

Selskapet følgjer likestillingslova og diskrimineringslova om seksuell orientering. Det har ikkje vore skader eller arbeidsulykker. Selskapet ureinar ikkje det ytre miljøet.

## Controller

Controllerfunksjonen er ein viktig del av den interne kontrollen samtidig som den bidreg til å tryggje kvaliteten gjennom å avdekke og lukke mulege avvik. Fram til 1. desember 2018 kjøpte selskapet controlleroppgåvene frå Aust-Agder fylkeskommune, med Bent Sørensen som utførte oppgåvene. Då han ønskte seg fritatt frå oppgåva, er det frå 1. desember 2018 inngått avtale med Valle kommune, og framover er det Laila Rysstad som er vår controller.

Controller rapporterer til dagleg leiar. Sjølv om controller normalt rapporterer til dagleg leiar, er dette ein uavhengig funksjon som har høve til å rapportere direkte til styret.

## Dagleg leiar

Glenn Qvam Håkonsen er dagleg leiar.

## Porteføljeutvalet

Porteføljeutvalet er eit rådgjevande organ for dagleg leiar.

I løpet av 2018 har ein gjort visse endringar i Porteføljeutvalet, mellom anna nye medlemmer. Christina Ødegård, Åmli kommune, og John G. Bergh, Aust-Agder fylkeskommune har gått ut, medan Jens Arild Johannessen, Kvinesdal kommune har kome til. Frå Aust-Agder fylkeskommune er det nå Bent Sørensen som er medlem. Inge Hedenstad Stangeland blei valt som ny leiar etter John G. Bergh.

Det blei på siste møtet i 2018 bestemt at frå og med 2019 skal Vennesla, Åmli, Froland og Iveland også inviterast til Porteføljeutvalet, eit viktig grep for å sikre god kjennskap til KIKS og til kraftsektoren elles ut i kommunane.

### Porteføljeutvalet består ved utgangen av 2018 av desse administrativt oppnemnde medlemene

<b>Inge Hedenstad Stangeland</b>	Sirdal kommune - leiar
<b>Frantz A. Nilsen</b>	Bykle kommune
<b>Aud Sunniva Fuhr</b>	Valle kommune
<b>Aasmund Lauvdal</b>	Bygland kommune
<b>Svein Ove Nepstad</b>	Åseral kommune
<b>Jens Arild Johannessen</b>	Kvinesdal kommune
<b>Inge Hurv</b>	Vest-Agder fylkeskommune
<b>Bent Sørensen</b>	Aust-Agder fylkeskommune

Porteføljeutvalet har i 2018 hatt tre møte, i tillegg til deltaking på KIKS sitt seminar.

## Representantskap og styre

### Representantskapet

<b>Reidar Saga</b>	Åmli kommune	leiar
<b>Janne Fardal Kristoffersen</b>	Lindesnes kommune	nestleiar
<b>Anders Kylland</b>	Aust-Agder fylkeskommune	medlem
<b>Knut A. Austad</b>	Aust-Agder fylkeskommune	medlem
<b>Nils Harald Rennestraum</b>	Vest-Agder fylkeskommune	medlem
<b>Sally Vennesland</b>	Vest-Agder fylkeskommune	medlem
<b>Robert Cornels Nordli</b>	Arendal kommune	medlem
<b>Reidun Bakken</b>	Audnedal kommune	medlem
<b>Anders Christiansen</b>	Birkenes kommune	medlem
<b>Leiv Rygg</b>	Bygland kommune	medlem
<b>Hans Blattmann</b>	Bykle kommune	medlem
<b>Bjørn A Ropstad</b>	Evje og Hornnes kommune	medlem
<b>Jan Sigbjørnsen</b>	Flekkefjord kommune	medlem
<b>Ove Gundersen</b>	Froland kommune	medlem
<b>Per Svenningsen</b>	Grimstad kommune	medlem
<b>Lars Terje Grostøl</b>	Hægebostad kommune	medlem
<b>Svein Hillestad</b>	Iveland kommune	medlem
<b>Ole Magne Omdal</b>	Kristiansand kommune	medlem
<b>Per Sverre Kvinlaug</b>	Kvinesdal kommune	medlem
<b>Helge Sandåker</b>	Marnardal kommune	medlem
<b>Thor Jørgen Tjørhom</b>	Sirdal kommune	medlem
<b>Steinar Kyrvestad</b>	Valle kommune	medlem
<b>Eivind Drivenes</b>	Vennesla kommune	medlem
<b>Olav Åsland</b>	Åseral kommune	medlem

Representantskapet har i 2018 hatt to møte, i tillegg til deltaking på KIKS sitt seminar.

## Styret

<b>Terje Damman</b>	Vest-Agder fylkeskommune	leiar
<b>Mari Mykland</b>	Froland kommune	nestleiar
<b>Torunn Ostad</b>	Aust-Agder fylkeskommune	medlem
<b>Jon-Olav Strand</b>	Aust-Agder fylkeskommune	medlem
<b>Jon Rolf Næss</b>	Bykle kommune	medlem
<b>Svein Arne Jerstad</b>	Kvinesdal kommune	medlem
<b>Margrethe Handeland</b>	Hægebostad kommune	medlem
<b>Margit Smeland</b>	Åmli kommune	møtande varamedlem

Styret har i 2018 hatt fem styremøte, i tillegg til deltaking på KIKS sitt seminar.

Kristiansand, 15. mai 2019

Terje Damman  
*styreleiar*

Mari Mykland  
*nestleiar*

Svein Arne Jerstad  
*styremedlem*

Margrethe Handeland  
*styremedlem*

Jon Rolf Næss  
*styremedlem*

Torunn Ostad  
*styremedlem*

Jon-Olav Strand  
*styremedlem*

Glenn Q. Håkonsen  
*dagleg leiar*



**13 konsesjonærer**

---

**50**

**kraftverk**

**10**

**vassdrag**



# Rekneskap

## Resultatrekneskap

<b>DRIFTSINTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>	<b>Note</b>	<b>Rekneskap 2018</b>	<b>Rekneskap 2018</b>	<b>Rekneskap 2017</b>
Konsesjonskraftinntekter	1, 10	221 050 895	195 320 314	220 205 591
Annen driftsrelatert inntekt	1	70	-	-
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>221 050 965</b>	<b>195 320 314</b>	<b>220 205 591</b>
Kjøp av konsesjonskraft	2	98 732 015	105 366 778	101 316 457
Lønn inkl. sosiale utgifter	3	3 278 678	3 771 024	3 500 880
Avskrivninger	4	58 176	30 000	15 121
Eksterne honorarer	3	3 584 135	2 493 000	2 282 394
Div. merkantile og administrative kostnader	3	988 219	1 110 000	1 046 329
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>106 641 223</b>	<b>112 770 802</b>	<b>108 161 180</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>114 409 742</b>	<b>82 549 512</b>	<b>112 044 412</b>
<b>FINANSINTEKTER OG -KOSTNADER</b>				
Finansinntekter	5	1 205 459	2 600 001	6 619 813
Finanskostnader	5	1 674 302	1 800 000	1 251 960
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>(468 843)</b>	<b>800 001</b>	<b>5 367 853</b>
<b>Resultat før overførte konsesjonskraftinntekter</b>	8	<b>113 940 899</b>	<b>83 349 513</b>	<b>117 412 265</b>
<b>Overførte konsesjonskraftinntekter</b>	8	103 854 000	-	92 154 015
<b>Resultat</b>		<b>10 086 899</b>	<b>83 349 513</b>	<b>25 258 250</b>
<b>OVERFØRINGER</b>				
Overføringer til driftsfond og reservekapital	8	10 086 899	(10 583 487)	25 258 250
<b>Sum overføringer</b>		<b>10 086 899</b>	<b>(10 583 487)</b>	<b>25 258 250</b>

# Balanserekneskap

EIENDELER	Note	2018	2017
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Driftsløsøre og inventar	4	418 411	61 707
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>418 411</b>	<b>61 707</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>418 411</b>	<b>61 707</b>
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
Kortsiktige fordringer		37 677 734	713 137
Finansplassering	5	136 680 294	117 765 234
Bankinnskudd og kontanter		20 580 606	63 966 583
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>194 938 634</b>	<b>182 444 954</b>
<b>Sum eiendeler</b>		<b>195 357 045</b>	<b>182 506 661</b>
<b>RESERVEKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>RESERVEKAPITAL</b>			
Driftsfond og reservekapital	8	147 671 081	147 671 081
Udisponert resultat	8	10 086 899	0
<b>Sum reservekapital</b>		<b>157 757 980</b>	<b>147 671 081</b>
<b>GJELD</b>			
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		14 563 060	13 322 686
Skyldige offentlige avgifter		12 216 732	8 795 992
Annen kortsiktig gjeld	9	10 819 273	12 716 903
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>37 599 065</b>	<b>34 835 581</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>37 599 065</b>	<b>34 835 581</b>
<b>Sum reservekapital og gjeld</b>		<b>195 357 045</b>	<b>182 506 661</b>
		-0,49	0,00

Kristiansand, 15. mai 2019

Terje Damman  
*styreleiar*

Mari Mykland  
*nestleiar*

Svein Arne Jerstad  
*styremedlem*

Margrethe Handeland  
*styremedlem*

Jon Rolf Næss  
*styremedlem*

Torunn Ostad  
*styremedlem*

Jon-Olav Strand  
*styremedlem*

Glenn Q. Håkonsen  
*dagleg leiar*

# Kontantstrømsanalyse

	2018	2017
<b>Kontantstrømmer fra operasjonelle aktiviteter</b>		
Årets resultat	113 940 899	117 412 267
Ordinære avskrivninger	58 176	15 121
Verdiendring finansielle omløpsmidler	1 084 940	-4 254 985
Endring i fordringer	-36 964 597	8 706 440
Endring i leverandørgjeld	1 240 374	-5 145 316
Endring i andre tidsavgrensningsposter	1 523 111	12 374 987
Korrigerer av gjeld til ekst.kommuner Sira-Kvina	0	795 844
<b>Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter</b>	<b>80 882 902</b>	<b>129 904 359</b>
<b>Kontantstrømmer fra investeringsaktiviteter</b>		
Investeringer i driftsløsøre og inventar	-414 879	-
Investeringer i finansielle omløpsmidler	-20 000 000	-34 943 290
Salg av finansielle omløpsmidler	0	-
<b>Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter</b>	<b>-20 414 879</b>	<b>-34 943 290</b>
<b>Kontantstrømmer fra finansieringsaktiviteter</b>		
Opptak av langsiktig gjeld	0	-
Nedbetaling av langsiktig gjeld og kassekreditt	0	-
Utbetalt til deltakerkommuner	-103 854 000	-92 154 015
<b>Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter</b>	<b>-103 854 000</b>	<b>-92 154 015</b>
<b>Sum endring i likvide midler</b>	<b>-43 385 977</b>	<b>2 807 054</b>
<b>Beholding av kontanter ved periodens begynnelse</b>	<b>63 966 583</b>	<b>61 159 532</b>
<b>Beholding av kontanter ved periodens slutt</b>	<b>20 580 606</b>	<b>63 966 583</b>



1

øre/kWh

=

8,71 mill

på eitt år



---

# Noter

---

## Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk, herunder norske regnskapsstandarder.

## Bruk av estimater

Utarbeidelse av regnskaper i samsvar med regnskapsloven krever bruk av estimater. Videre krever anvendelse av selskapets regnskapsprinsipper at ledelsen må utøve skjønn. Områder som i stor grad inneholder slike skjønnsmessige vurderinger, høy grad av kompleksitet, eller områder hvor forutsetninger og estimater er vesentlige for årsregnskapet, er beskrevet i notene.

## Salgsinntekter

Salgsinntekter inntektsføres i takt med uttak av konsesjonskraft. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen.

## Sikringsvurdering

Konsesjonskraft IKS sikrer fremtidige inntekter på kraft ved å sikre i terminmarkedet til avtalt pris. Sikrede posisjoner vil ha en merverdi/mindreverdi avhengig av utviklingen i terminmarkedet, men etter reglene om sikringsinstrumenter vil dette bli resultatført på leveringstidspunkt. Sikringsforhold balanseføres derfor ikke.

## Klassifisering av balanseposter

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk klassifiseres som anleggsmidler. Eiendeler som er tilknyttet varekretsløpet klassifiseres som omløpsmidler. Fordringer for øvrig klassifiseres som omløpsmidler hvis de skal tilbakebetales innen ett år. For gjeld legges analoge kriterier til grunn. Første års avdrag på langsiktige fordringer og langsiktig gjeld klassifiseres likevel ikke som omløpsmiddel og kortsiktig gjeld.

## Anskaffelseskost

Anskaffelseskost for eiendeler omfatter kjøpesummen for eiendelen, med fradrag for bonuser, rabatter og lignende, og med tillegg for kjøpsutgifter (frakt, toll, offentlige avgifter som ikke refunderes og eventuelle andre direkte kjøpsutgifter). Ved kjøp i utenlandsk valuta balanseføres eiendelen til kursen på transaksjonstidspunktet, men til terminkursen ved bruk av terminkontrakt.

## Fordringer

Kundefordringer føres opp i balansen etter fradrag for avsetning til forventede tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av individuell vurdering av fordringene og en tilleggsavsetning som skal dekke øvrige påregnelige tap. Vesentlige økonomiske problemer hos kunden, sannsynligheten for at kunden vil gå konkurs eller gjennomgå økonomisk restrukturering, og utsettelse og mangler ved betalinger anses som indikatorer på at kundefordringer må nedskrives.

Andre fordringer, både omløpsfordringer og anleggsfordringer, føres opp til det laveste av pålydende og virkelig verdi. Virkelig verdi er nåverdien av forventede framtidige innbetalinger. Det foretas likevel ikke neddiskontering når effekten av neddiskontering er uvesentlig for regnskapet. Avsetning til tap vurderes på samme måte som for kundefordringer.

## Utenlandsk valuta

Transaksjoner i utenlandsk valuta omregnes til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengeposter i utenlandsk valuta omregnes til norske kroner ved å benytte balansedagens kurs. Valutakursendringer resultatføres løpende i regnskapsperioden under andre finansposter.

## Pensjoner

Selskapet har pensjonsordninger. Pensjonsordningene er finansiert gjennom innbetalinger til forsikrings-selskap eller annen finansinstitusjon. Selskapet har kun innskuddsplaner.

## Innskuddsplaner

Ved innskuddsplaner betaler selskapet innskudd til et forsikringsselskap eller finansinstitusjon. Selskapet har ingen ytterligere betalingsforpliktelse etter at innskuddene er betalt. Innskuddene regnskapsføres som lønnskostnad. Eventuelle forskuddsbetalte innskudd balanseføres som eiendel (pensjonsmidler) i den grad innskuddet kan refunderes eller redusere framtidige innbetalinger.

## Skatt

Selskapet er ikke skattepliktig.

## Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillingen utarbeides etter den indirekte metoden. Kontanter og kontantekvivalenter omfatter kontanter, bankinnskudd og andre kort-siktige likvide plasseringer, som umiddelbart og med uvesentlig kursrisiko kan konverteres til kjente kontantbeløp og med gjenværende løpetid mindre enn tre måneder fra anskaffelsesdato.

## Note 1 - Driftsinntekter

	2018	2017
Nordpool Spot	364 469 553	237 790 214
Nordpool Spot - områderisiko	-6 021 000	-4 119 014
Nordpool Spot - gevinst brukstid	8 306 000	4 271 153
Gevinst/tap - prissikring	-138 804 473	-11 130 149
Gevinst/tap - valutasikring	-7 265 042	-8 793 449
Finansiell avtale Vigeland Brug	-	2 352 238
Finansiell avtale Hisvatn Kraftlag AS	120 295	79 676
Avregning av regulerkraftbalanse	-2 515	-409 388
Finansiell avtale Oftedal	248 076	164 310
<b>Sum Konesjonskraftinntekter</b>	<b>221 050 894</b>	<b>220 205 591</b>
Andre driftsrelaterte inntekter	70	-
<b>Sum Annen driftsrelatert inntekt</b>	<b>70</b>	<b>-</b>
<b>Sum Driftsinntekter</b>	<b>221 050 964</b>	<b>220 205 591</b>

## Note 2 - Kjøp av konesjonskraft og eventuelle uavklarte forhold

Kostnader for kjøp av konesjonskraft utgjør for 2018 kr 98 732 015.

Konesjonskraft IKS tek ut kraft frå 13 konesjonærar, i totalt 10 vassdrag. Vi jobbar heile tida med å ta ut rett mengde konesjonskraft til rett tid og til rett pris.

### Prisrisiko i Otravassdraget, Tovdalsvassdraget og Arendalsvassdraget

All konesjonskraft i Otravassdraget, Tovdalsvassdraget og Arendalsvassdraget blir levert til OED-pris, sjølv om noko av denne krafta er levert med heimel i konesjonar før 1959. Denne prisrisikoen har vi kontroll på og prissikringane våre er tilpassa dette.

### Otravassdraget - Skarg kraftverk

Ved utbygging av Skarg kraftverk, meiner KIKS det skal leverast konesjonskraft både av alt overført vatn og vatn frå det uregulerte lokalfeltet, jf. 1974-konesjonen. Dette er Otra Kraft ueinig i. Det er tatt atterhald i uttakskontrakten.

### Ulla-Førre - Kristiansand

KIKS har bede NVE rette feilen i utrekninga i vedtaket som har ført til at Kristiansand kommune berre får konesjonskraft frå Saudal kraftverk, men ikkje frå Kvilldal og Hylene kraftverk. Det dreier seg om eit mindre konesjonskraftvolum. Feilen er ennå ikkje retta, og NVE har i statusmøte januar 2016 uttalt at dette vil bli retta ved OED si behandling av klagesaka på utrekning og fordeling av konesjonskraft frå Kvilldal og Hylene kraftverk.

### Sira-Kvina - kraftgrunnlag og konesjonskraftfordeling

Olje- og energidepartementet fatta vedtak i klagesaka om kraftgrunnlag og fordeling av konesjonskraft og konesjonsavgifter i Sira-Kvina vassdraga 29. august 2018. Vedtaket er endeleg.

Som venta medfører vedtaket store omfordelingar mellom kommunane. Det var likevel uventa at vedtaket fekk tilbakeverkande kraft heilt tilbake til 2000. Dette gjer at vi talar om vesentlege beløp for enkelte kommunar/fylkeskommunar. Det er særleg Kvinesdal kommune og/eller Vest-Agder fylkeskommune som opplever nedgong i volum. Samla sett gir dette 13 GWh meir konesjonskraft til KIKS frå 1.1.2019. KIKS har avsett i rekneskapet for negative avviksoppgjær. Dette blir gjort for at KIKS skal kunne avrekne og gjennomføre avviksoppgjera for det tidsrommet den enkelte deltakarkommunen har vore med i KIKS.

### Sira-Kvina – avskrivningar

Ved fastsetting av konsesjonskraftprisen i Sira-Kvina-vassdraga, skal ein gjere avskrivningar over 40 år på investeringane som er gjort i anlegga. I forliksavtalen om utrekning av sjølvkostpris mellom Sira-Kvina kraftselskap og konsesjonskraftmottakarane blei ein einige både om investeringsoversyn, og om å samle alle historiske investeringar på år 1974 (inkludert investeringar gjort det året). Dette betyr at investeringar gjort til og med 1974 var ferdig nedskriva i 2013.

KIKS oppdaga i 2018 at dei årlege avskrivningane var for høge, og prisen dermed for høg. Sira-Kvina kraftselskap retta feilen utan opphald, tilbake til 2015. Dette er tilbakebetalt alle konsesjonskraftmottakarane ca 1 million kr i redusert kjøpskost per år, tilbake til 2015 og framover.

Vi har i fellesskap utvikla ein metodikk som tek vare på dette for framtida, slik at vi saman passar på at sjølvkostprisen blir korrekt fastsett i framtida.

### Mandalsvassdraget

Sidan 2015 har KIKS og Agder Energi Vannkraft AS (AEVK) vore ueinige om kva for pris ein del av volumet knytt til vilkårsreviderte konsesjonar frå Skjerka og Håverstad kraftverk skal leverast til. Bakgrunnen er at AEVK ikkje aksepterer vilkåra i konsesjonane av desember 2013 eller februar 2017, der det fylgjer at konsesjonskraft frå fleire konsesjonar gitt før 1959 nå skal leverast til OED-pris. AEVK aksepterer heller ikkje stadfestinga til Olje- og energidepartementet av mars 2015 om at konsesjonsvilkåret er lovheimla. AEVK stevna departementet for retten i slutten av februar 2018.

Rettsaka gjekk i Oslo tingrett i 22. og 23. november 2018, og dommen fall 3. desember. Dommen gir OED rett på alle punkt. AEVK har derimot anka saka, og ankesaka vil gå i Borgarting lagmannsrett i mars 2020.

Utbygginga har skjedd gradvis, og volumet er derfor gradvis blitt større. Per 2018 er det tale om 56 453 MWh. KIKS estimerer at meirkostnaden blir fordelt med ca. 85 % til Vest-Agder fylkeskommune og ca. 15 % til Åseral kommune.

KIKS og AEVK underteikna i 2018 ein avtale om utsett forelding, gjeldande frå 1. juni 2018. Det betyr at all kraft levert før 1. juni 2015 er forelda og ikkje lenger er ein del av det omtvista volumet. Volumet for 2015 i tabellen over er justert for dette.

AEVK fakturerer KIKS for differansen mellom OED-pris og individuell sjølvkost på krafta. Partane er einige om at differansefakturaane ikkje skal betalast inntil vidare.

Selskapet vurderer kravet frå AEVK som så tvilsamt at fakturabeløpa på til saman kr 6 692 334 ikkje er blitt bokført i rekneskapet.

## Note 2

Samla avvik i Mandalsvassdraget 2015-2018		
	Volum i MWh	Forskjell i kroner – sjølvkost/OED-pris
2015	15 603	529 692
2016	29 322	767 054
2017	29 543	1 426 837
2018	56 453	3 503 043
<b>Totalt</b>	<b>130 921</b>	<b>6 692 334</b>

### Note 3 - Ansatte, lønn, godtgjørelser m.v.

Spesifikasjon av lønnskostnader		
	2018	2017
Lønningar	2 528 714	2 742 867
Godtgjering til styret/representantskap	147 500	218 500
Arbeidsgjevaravgift	314 470	334 415
Personalforsikringar og pensjon	218 364	165 535
Andre personalkostnader	69 630	39 561
<b>Totale lønnskostnader</b>	<b>3 278 678</b>	<b>3 500 878</b>

Det er i 2018 utbetalt kr 1 006 685 i lønn og godtgjeringar til dagleg leiar.

Selskapet har ved årsskiftet tre fast tilsette personer. Gjennomsnittleg tal på årsverk utgjer 3,6 i 2018.

Eksterne honorar (hovudpostar)		
	2018	2017
Revisjonshonorar	146 878	243 790
Rekneskapshonorar	205 979	262 722
Controller	227 433	241 822
Honorar hydrologiske tenester	-	171 331
<b>Krafthandel</b>	<b>2 442 558</b>	<b>1 333 069</b>

Honorar til revisor utgjorde i 2018 kr 146 878, der ordinær revisjon utgjorde kr 90 000 og honorar i samband med tertialrekneskap og annan bistand utgjorde kr 56 878.

Kostnadar krafthandel inkluderer ulike gebyr, og auken frå 2017 til 2018 kjem på grunn av eingongs-kostnad ved flytting av kraftkontraktar som fylgje av nedlegging av GCM og overflytting til nytt forvaltaroppsett. Totalt kom denne kostnaden på kr 1 619 549.

Pensjonsordning oppfyller krava til tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon.

Kostnadar til leasing bil er redusert grunna avslutning av avtale per oktober 2018. KIKS har kjøpt bil som er nytta av dagleg leiar som firmabil frå mai 2018, denne kjem inn i balansen og vert avskriva etter vanlege reglar.

## Note 4 - Driftsmiddel

	Kunst	Inventar	Bil	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01	46 475	194 674	-	241 149
+ Tilgang	-	19 779	395 100	414 879
- Avgang	-	-	-	-
<b>Anskaffelseskost pr. 31.12</b>	<b>46 475</b>	<b>214 453</b>	<b>395 100</b>	<b>656 028</b>
Akk. av- og nedskrivninger pr. 01.01	-	179 442	-	179 442
+ Ordinære avskrivninger	-	6 410	51 766	58 176
- Tilbakeførte avskrivninger	-	-	-	-
+ Ekstraord. Nedskrivninger	-	-	-	-
<b>Akk. av- og nedskrivninger pr. 31.12</b>	<b>-</b>	<b>185 852</b>	<b>51 766</b>	<b>237 618</b>
<b>Balanseført verdi pr. 31.12</b>	<b>46 475</b>	<b>28 601</b>	<b>343 334</b>	<b>418 410</b>

Avskrivningsgrad (lineær) 20% - 33%

## Note 5 - Finansplasseringer

Selskapet har i løpet av året investert i ulike verdipapirer gjennom Formuesforvaltning AS.			
Fordeling pr. 31.12.	Bokført verdi	Kursverdi	Kjøpesum
Pengemarked Norge/Bank	41 401 634	41 401 634	40 920 548
Obligasjoner Norge	62 226 492	62 226 492	61 381 982
Obligasjoner utland	13 826 121	13 826 121	13 483 973
Hedgefond	4 655 831	4 655 831	4 162 594
Aksjer Norge/Norden	2 251 602	2 251 602	2 187 034
Aksjer utland	12 318 615	12 318 615	11 126 024
<b>Sum finansielle aktiva</b>	<b>136 680 295</b>	<b>136 680 295</b>	<b>133 262 155</b>

Netto finans	2018	2017
Renteinntekt	975 879	667 727
Avkastning reservekapital	(969 430)	4 625 660
Rentekostnad/provisjon krafthandel	(671 424)	(778 927)
Netto valutagevinst (agio)	196 133	853 393
<b>Sum finans</b>	<b>(468 842)</b>	<b>5 367 853</b>

Aksje- og obligasjonsfond er oppført til marknadsverdi. Urealisert netto tap på kr 1 084 940 for 2018 inngår i finansinntekter.

Avkastning på reservekapital plassert i Danske Bank, utgjør kr 115 510.

## Note 6 - Betalingsmiddel

Av bankinnskott er kr 199 641 bunde beløp til skatte-  
trekk for tilsette og styret. Tilsvarende beløp i fjor  
utgjorde kr 208 642.

## Note 7 - Endring i arbeidskapitalen

Endring i arbeidskapital	
Arbeidskapital pr. 31.12.2017	147 609 373
Årets resultat	113 940 900
+ Avskrivningar	58 176
- Investering i anleggsmidler	-414 879
- Utbetalt til deltakerkommunar	-103 854 000
Endring i arbeidskapital	9 730 197
<b>Arbeidskapital pr. 31.12.2018</b>	<b>157 339 570</b>

Endring i arbeidskapital i balansen			
	Pr. 31.12.18	Pr. 31.12.17	Endring
Omløpsmidlar	194 938 635	182 444 954	12 493 681
Kortsiktig gjeld	37 599 065	34 835 581	2 763 484
Arbeidskapital	157 339 570	147 609 373	9 730 197

## Note 8 - Reservekapital, overføringer og fordelingar

	Deltakaransvar i selskapsavtale	Reservekapital pr. 31.12.17	Tilført frå årets resultat	Utbetalt til deltakarar	Reservekapital pr. 31.12.18
Aust-Agder fylkeskommune	38,33 %	60 927 683	40 887 339	39 654 000	62 161 022
Vest-Agder fylkeskommune	19,24 %	16 080 518	20 463 224	14 948 000	21 595 742
Arendal kommune	1,02 %	1 635 457	1 103 726	1 118 000	1 621 183
Audnedal kommune	0,31 %	202 458	360 856	278 000	285 314
Birkenes kommune	0,36 %	699 296	411 439	429 000	681 736
Bygland kommune	3,30 %	6 179 697	3 758 412	4 002 000	5 936 109
Bykle kommune	10,85 %	20 023 240	12 304 328	13 013 000	19 314 568
Evje og Hornnes kommune	0,39 %	667 664	420 243	435 000	652 907
Flekkefjord kommune	1,31 %	1 258 017	1 927 231	1 575 000	1 610 248
Froland kommune	2,40 %	4 036 224	2 521 627	2 630 000	3 927 851
Grimstad kommune	0,83 %	1 293 279	891 206	902 000	1 282 485
Hægebostad kommune	0,03 %	15 229	24 749	20 000	19 978
Iveland kommune	1,69 %	2 771 008	1 794 671	1 854 000	2 711 679
Kristiansand kommune	0,07 %	41 743	65 751	51 000	56 494
Kvinesdal kommune	3,55 %	6 765 291	5 738 309	4 836 000	7 667 600
Lindesnes kommune	0,20 %	120 463	191 991	154 000	158 454
Marnardal kommune	1,76 %	1 105 659	1 841 811	1 391 000	1 556 470
Sirdal kommune	1,09 %	3 420 593	3 058 888	2 143 000	4 336 481
Valle kommune	4,83 %	10 389 270	6 218 055	7 026 000	9 581 325
Vennesla kommune	3,42 %	1 913 560	3 551 427	2 603 000	2 861 987
Åmli kommune	1,89 %	2 974 900	1 910 577	2 055 000	2 830 477
Åseral kommune	3,13 %	3 148 933	4 495 039	2 737 000	4 906 972
Driftsfond		2 000 898	-		2 000 898
<b>Sum</b>	<b>100,0 %</b>	<b>147 671 081</b>	<b>113 940 899</b>	<b>103 854 000</b>	<b>157 757 980</b>

## Note 9 - Annen kortsiktig gjeld

Spesifikasjon av kortsiktig gjeld			
	2018	2017	
Aktiv forvaltning innenfor kraftmarkedet	-	-	
Skyldige feriepenger	274 200	303 754	
Periodiserte kostnader	-1 787 711	80 365	
Annen kortsiktig gjeld	12 332 784	12 332 784	
<b>Sum annen kortsiktig gjeld</b>	<b>10 819 273</b>	<b>12 716 903</b>	

Av annen kortsiktig gjeld så er kr 12 232 784 frå etteroppgjer Sira Kvina og tilhøyrrer Vest-Agder Fylkeskommune,

Sirdal og Kvinesdal kommunar. KIKS ventar på avklaring frå desse korleis beløpet skal fordelast.

## Note 10 - Sikring

Pr. 31.12.2018 er fylgjande volum sikra:				
	2018	2019	2020	2021
Sikra volum i GWh	820	710	509	254
Totalvolum i GWh	871	884	884	884
Sikra volum i %	94 %	80 %	58 %	29 %
Urealisert tap/gevinst sikra posisjonar i NOK	-	-170 592 884	-50 270 098	-5 505 357

Tap/gevinst knytta til sikra framtidige volum er ikkje balanseført i årsrekneskapet. Konsesjonskraft IKS sikrar framtidige inntekter på kraft ved å sikre i terminmarknaden til avtalt pris. Sikra posisjonar

vil ha ein meirverdi/mindreverdi avhengig av utviklinga i terminmarknaden, men etter reglane om sikringsinstrumenter vil dette bli resultatført på leveringstidspunkt.



Konsesjonskraftmengda tilsvarar straum til litt over

**50 000 husstandar**

Kommunar har rett på om lag

**10%**

av kraftmengda i eit kraftverk

---

# Revisjonsberetning

---







Styret meiner at selskapet er på veg mot den overordna målsettinga:

*Vere ein leiande nasjonal forvaltar  
av konsesjonskraftrettane*





**KONSESJONSKRAFT IKS**

*– vaktar rettane og tek vare på verdien*

Konesjonskraft IKS | Postboks 4 | 4747 Valle  
post@konesjonskraft.no | Telefon 37 93 75 00  
www.konesjonskraft.no

## *Saksframlegg*

### Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
14/19	KIKS - Styret	15.05.2019
	KIKS - Representantskapet	13.06.2019

### **Revidering av selskapsavtale grunna kommune- og fylkessamanslåing**

#### ***Dagleg leiar tilrår:***

Revidert selskapsavtale blir vedtatt, og blir oversendt kommunestyra og fylkestinget for behandling.

#### ***Saksutgreiing:***

##### **1. Bakgrunn for saka**

Vi har mottatt brev frå Aust-Agder og Vest-Agder fylkeskommune om behov for å endre selskapsavtalen som fylgje av endringane i kommune- og fylkesstrukturen.

##### **2. Saksopplysningar**

I representantskapsmøtet før jol 2018, vedtok representantskapet i sak 11/18 at ein utset revidering av selskapsavtalen til etter avlagt rekneskap 2019. Bakgrunnen for dette vedtaket var at det i nåverande selskapsavtale står at avtalen i alle tilfelle skal reviderast etter avlagt rekneskap 2018. Ein såg det som lite formålstenleg å gjere ein revisjon i 2019, for deretter å måtte revidere på nytt når alle kommune- og fylkessamanslåingar var gjennomført i 2020.

I ettertid av dette vedtaket har begge fylkeskommunane bede om at selskapsavtalen kjem til behandling i fylkestinget for Agder fylkeskommune før årsslutt. Styret har derfor lagt opp til ei mindre revidering av selskapsavtalen nå, der ein gjennomfører reint formelle endringar som namn, organisasjonsnr. og eigardel.

Fordi dette er endringar som etter IKS-lova § 4 og selskapsavtalen § 16, andre ledd, er av ein slik karakter at dei må vedtakast av kommunestyre og fylkesting, blir selskapsavtalen sendt vidare til kommunane og fylkeskommunen for endeleg behandling der.



### **3. Vurdering**

I det fylgjande vil selskapsavtalen gåast gjennom per paragraf, og endringar vil bli kommentert.

#### **- § 1 – Firma**

Den reviderte selskapsavtalen vil erstatte den eksisterande selskapsavtalen når den blir vedtatt, har derfor endra siste ledd til å nå lyde «(...) erstattar tidlegare selskapsavtale datert 3.9.2014».

#### **- § 2 – Deltakarar i selskapet**

Totalt er det fire kommunar og begge fylkeskommunane som er med i samanslåingsprosess. Desse blir justert i § 2.

For det fyrste slår fylkeskommunane seg saman til Agder fylkeskommune.

Vidare går Audnedal kommune saman med Lyngdal kommune, med namnet Lyngdal kommune.

Kristiansand kommune slår seg saman med Sogndalen og Søgne, men beheld namnet Kristiansand kommune.

Til slutt er det Lindesnes og Marnardal kommunar som slår seg saman med Mandal kommune, og dannar Lindesnes kommune.

Alle kommune- og fylkeskommuneendringane gir nye org.nr. Dette er påført i revidert selskapsavtale.

#### **- Ingen endringar i §§ 3 og 4**

#### **- § 5 – representantskapet**

Ein slettar siste setning i fyrste avsnitt, som utelukkande er ei setning knytt til praktisk handtering av Vest-Agder sin inntreden i selskapet i 2014. Fylgjande setning blir sletta:

*For perioden fram til neste kommunevalperiode oppnemner kommunane i Vest-Agder og Vest-Agder fylkeskommune representantar uavhengig av nåverande representantar frå Aust-Agder.*

Som fylgje av at fylkeskommunane slår seg saman, er det naturleg at ein reduserer talet på representantar. Kvar kommune har framleis ein representant kvar, men fylkeskommunen har nå berre to representantar (ikkje fire som dei to fylkeskommunane per i dag har til saman). KIKS får nå ein fylkeskommune og 19 kommunar, og får derfor totalt 21 representantar.

Ein slettar siste setning i tredje avsnitt, då denne setninga utelukkande er av praktisk karakter for Vest-Agder sin inntreden. Fylgjande setning blir derfor sletta:

*For representantskapsmøte i 2014 legg ein volumtala per 1. januar 2015 til grunn for deltakarane frå Vest-Agder.*

#### **- § 6 – styret**

Også i denne paragrafen må ein gjere mindre endringar fordi ein har fått ein fylkeskommune. Ein gjer ikkje endringar i talet på styremedlemmer, og talet på medlemmer frå kommunane skal framleis vere 4, medan fylkeskommunen samla beheld 3 medlemmer.

Andre avsnitt blir sletta, då dette er knytt til praktisk handtering av Vest-Agder sin inntreden i KIKS. Følgjande avsnitt blir sletta:

*For perioden fram til nytt kommunestyreval i 2015, skal auken i talet på styremedlemmer berre skje med medlemmer frå Vest-Agder. Dette blir gjort ved at Vest-Agder møter med to faste medlemmer og to fast møtande varamedlemmer, fastsett på representantskapet av kommunane og fylkeskommunen i Vest-Agder.*

- **Ingen endring i §§ 7 - 11**

- **§ 12 – Eigardel og ansvarsdel**

Her må det gjerast endringar i tabellen. Tala er gjeldande per 1.1.2019, då vi frå denne datoen også fekk inn meir kraft som fylgje av kraftgrunnlagsaka i Sira-Kvina. Det er derfor naturleg at det er denne datoen som er teljande ved justering av eigardelane.

Ny fordeling av eigardelar blir som følgjer:

Agder fylkeskommune	56,45
Bykle	10,25
Åseral	4,46
Valle	4,35
Kvinesdal	3,60
Vennesla	3,27
Bygland	3,25
Froland	2,40
Sirdal	2,20
Lindesnes	1,94
Åmli	1,86
Iveland	1,68
Flekkefjord	1,33
Arendal	0,97
Grimstad	0,79
Evje og Hornnes	0,39
Birkenes	0,37
Lyngdal	0,35
Kristiansand	0,06
Hægebostad	0,02
	<hr/>
	100,00

I tillegg til eigardelane er siste setning i siste avsnitt tatt ut, då dette ikkje lenger er aktuelt etter at representantskapet fatta vedtak i sak 11/18 om at revisjon av selskapsavtalen skal skje etter avlagt rekneskap 2019. Følgjande setning skal derfor takast ut:

*Revisjon skal i alle tilfelle skje etter avlagt rekneskap for 2018, då dette er tidspunktet for full implementering og sikring av tilgjengeleg kraftvolum frå Vest-Agder.*

- **Ingen endring i §§ 13 – 17**

- **18 – Andre reglar**

Her gjer ein endringar for å få teksten oppdatert.

Valle, den 07.05.2019

Glenn Qvam Håkonsen  
dagleg leiar

1 2019\_Selskapsavtale Konesjonskraft IKS

# Selskapsavtale

## § 1 – Firma

Konsesjonskraft er eit interkommunalt selskap med firmanamn:

Konsesjonskraft IKS

Selskapet er skipa med heimel i lov om interkommunale selskap, lov av 29.1.1999, nr. 6.

Selskapsavtalen gjeld i tillegg til lov om interkommunale selskap, og erstattar tidlegare selskapsavtale datert 3.9.2014.

## § 2 – Deltakarar i selskapet

Agder fylkeskommune	921 707 134
Arendal kommune	940 493 021
Birkenes kommune	964 965 870
Bygland kommune	964 966 397
Bykle kommune	958 814 968
Evje og Hornnes kommune	964 966 109
Flekkefjord kommune	964 967 369
Froland kommune	964 439 045
Grimstad kommune	864 964 702
Hægebostad kommune	964 963 916
Iveland kommune	864 966 012
Kristiansand kommune	820 852 982
Kvinesdal kommune	964 964 076
Lindesnes kommune	921 060 440
Lyngdal kommune	922 421 498
Sirdal kommune	964 964 165
Valle kommune	964 966 575
Vennesla kommune	936 846 777
Åmli kommune	864 965 962
Åseral kommune	964 966 842

Deltakarane i selskapet overlet til Konesjonskraft IKS uttak og omsetning av all konesjonskraft den enkelte deltakar disponerer til ei kvar tid.

Avtalane kommunane i Vest-Agder har med Eramet blir fullt ut akseptert fram til utløp, høvesvis 31.12.2022 for Kvinesdal og 30.6.2024 for Sirdal og Vest-Agder fylkeskommune.

### § 3 – Føremålet med selskapet

Konesjonskraft IKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konesjonskraft.

Konesjonskraft IKS skal omsetje kommunane og fylkeskommunen si konesjonskraft, gjennom å ta i mot og formidle vidare den pengeytinga som oppstår gjennom forvaltinga av konesjonskraftrettane og delta i verksemd som har naturleg samanheng med dette.

Konesjonskraft IKS skal etterleve og praktisere prinsippet om meiroffentlegheit i alt arbeid.

Konesjonskraft IKS skal mellom anna trygge konesjonskraftordninga som ein kommunal/fylkeskommunal rett, trygge verdien i konesjonskraftordninga, og sikre deltakarane påreknelege og gode inntekter.

### § 4 – Selskapet sitt hovudkontor

Selskapet har hovudkontor i Valle kommune.

Adresse 4747 Valle

### § 5 – Representantskapet

Representantskapet er øvste organet i selskapet og deltakarane utøver sitt mynde i selskapet gjennom dette. Representantar og vararepresentantar blir valde av dei respektive kommunestyra og fylkestinget for fire år av gongen. Funksjonstida fylgjer den kommunale valperioden.

Representantskapet har 21 faste representantar, fordelt med 2 representant frå fylkeskommunen og 1 representant frå kvar kommune. Det skal oppnemnast like mange vararepresentantar.

Representantane har fylgjande stemmefordeling: 1 GWh konesjonskraft rekna etter alminnelege avrundingsreglar svarer til 1 stemme, men likevel slik at alle deltakarane har minst 1 stemme. Stemmene blir berekna etter volumna per 1. januar kvart år. Representantane frå fylkeskommunen stemmer i fellesskap for det tal på stemmer fylkeskommunen har.

Om inhabilitet for representantar og vararepresentantar gjeld reglane i kommunelova § 40 nr. 3.

Leiaren i representantskapet innkallar til møte når han finn det påkravt, eller når styret vedtek at det skal innkallast til slikt møte. Det skal haldast minst eitt ordinært representantskapsmøte i året. Møtet skal haldast innan utgongen av juni månad. Innkallinga skal sendast ut med minst 2 - to vekers varsel. Dersom leiaren i representantskapet eller styret finn det naudsynt, kan representantskapet innkallast med kortare varsel.

Innkalling med saksdokument skal sendast til vararepresentantane i representantskapet.

Leiaren leiar representantskapet sine møte. Dersom leiaren har forfall, vert møtet leia av nestleiaren. Er ingen av desse til stades vert møteleiaren vald av dei representantane som er til stades ved vanleg fleirtall. Står stemmene likt, skjer valet ved loddtrekking.

Representantskapet er vedtaksført når minst halvdelen av medlemene er til stades og desse representerer minst 2/3 av stemmene. Eit vedtak er gyldig når det er gjort med fleirtalet av stemmene i eit vedtaksført representantskap. Ved likt stemmetal er leiaren si stemme avgjerande. Det same gjeld dersom møtet vert leia av nestleiaren eller ein vald representant. Desse avstemmingsreglane gjeld og ved tilsetjingar.

Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar, i tillegg til styre, revisor og valnemnd.

Representantskapet sine oppgåver er elles:

1. Vedtake styreinstruks.
2. Godkjenne instruks for dagleg leiar.
3. Vedtake strategiplan etter framlegg frå styre
4. Vedtake finansreglement
5. Vedtake økonomiplan og budsjett etter framlegg frå styret.
6. Godkjenne rekneskapen og handsame årsmelding.
7. Fastsette godtgjering til styremedlemene og representantskapets medlemmer.
8. Handsame andre saker som styret legg fram for det.

## § 6 – Styret

Konsesjonskraft IKS vert leia av eit styre på 7 medlemmer med like mange varamedlemer i rekkefylgje. Medlemmene er valde av representantskapet for den kommunale valperioden, av desse 4 medlemmer med varamedlemer etter framlegg frå kraftutbyggingskommunane og 3 medlemmer med varamedlemer etter framlegg frå fylkeskommunen. Styret vel sjølv leiar og nestleiar.

Leiaren i representantskapet har møte- og talerett i styremøta.

Om inhabilitet for medlemene og varamedlemene i styret gjeld reglane i kommunelova § 40.

Styreleiaren innkallar til møte når han finner det påkravd eller når minst tre av styremedlemene krev at det skal innkallast til slikt møte. Innkallinga skal sendast ut skriftleg med minst 1 - ei veker varsel. Dersom styreleiaren finn det naudsynt, kan styret innkallast med kortare varsel. Innkallinga med saksdokument skal sendast til varamedlemene i styret.

Dersom leiaren har forfall, vert styremøtet leia av nestleiaren. Er ingen av desse tilstades, vert møteleiaren vald av dei styremedlemene som er til stades ved vanleg fleirtal. Ved likt stemmetal, skjer valet ved loddtrekking.

Styret er vedtaksført når minst fire av medlemene eller deira varamedlemer er til stades.

Når ikkje anna er fastsett i selskapsavtalen, er eit vedtak gyldig når det er gjort med halvdelen av dei medlemmene som er til stades. Ved stemmelikskap er leiarens stemme avgjerande. Det same gjeld dersom møtet vert leia av nestleiaren eller eit vald medlem. Desse avstemmingsreglane gjeld og ved val og tilsetjingar.



## § 7 – Styret sine oppgaver

Styret skal:

- Sjå til at Konesjonskraft IKS vert styrt og forvalta i samsvar med selskapsavtalen, instruksar og vedtak.
- Tilsette dagleg leiar.
- Legge fylgjande fram for representantskapet:
  - Styreinstruks.
  - Instruks for dagleg leiar.
  - Strategiplan
  - Økonomiplan og budsjett.
  - Rekneskap og årsmelding.
- Gjennomføre fordeling av selskapet sine midlar i samsvar med § 14.
- Inngå kontraktar innafor ramma av dei vedtaka representantskapet har gjort.
- Vedtake og vedlikehalde risikostrategien.
- Vedtake og vedlikehalde beredskapsplanen.
- Vedtake eventuell deltaking i andre selskap.
- Utøve mynde som ikkje ligg til representantskapet.

Det skal førast protokoll frå styremøta.

## § 8 – Valnemnd til styret

Valnemnda skal bestå av tre medlemmer, og blir valt av representantskapet på møtet i juni i kvart kommunevalår. Valnemnda har som oppgåve å fremje forslag for representantskapet i desember same år på nytt styre etter valet.

Valnemnda vel sin eigen leiar.

Funksjonstida er over når nytt styre er valt.

## § 9 – Dagleg leiar

Konesjonskraft IKS skal ha ein dagleg leiar som står for den daglege leiinga av selskapet og som skal følgje dei retningsliner og pålegg som styret gjev.

Instruks for dagleg leiar skal utarbeidast av styret, jfr. § 7.

## § 10 – Forvaltning

Styret er ansvarleg for at den delen av kapitalen som representantskapet vedtek ikkje å utbetale til deltakarane, jfr. §§ 14 og 15, gjev ei tilfredsstillande renteavkastning, samstundes som naudsynt kapital må kunne stillast til rådvelde på kort varsel. Konesjonskraft IKS sin kapital elles blir å plassere på renteberande konto i bank, i pante- og/eller ihendehavarobligasjonar, i aksjar eller aksjefond, i fast eigedom eller på annan måte mot tilfredsstillande tryggleik. Dette skjer i medhald av finansreglement vedteke av representantskapet.

Årsmelding og rekneskap skal handsamast ferdig av representantskapet innan utgongen av juni månad, og sendast deltakarane i selskapet for handsaming.

## § 11 – Innskott frå deltakarane

Deltakarane skal ikkje gjere innskott i selskapet.

Ikkje utbetalte inntekter inkl. renteavkastning, skal til ei kvar tid forvaltast av styret for eventuell seinare utbetaling til dei einsskilde kommunane/fylkeskommunen, jfr. § 10.

## § 12 – Eigardel og ansvarsdel

Eigardel per 1. januar 2019 er fylgjande:

Agder fylkeskommune	56,45
Bykle	10,25
Åseral	4,46
Valle	4,35
Kvinesdal	3,60
Vennesla	3,27
Bygland	3,25
Froland	2,40
Sirdal	2,20
Lindesnes	1,94
Åmli	1,86
Iveland	1,68
Flekkefjord	1,33
Arendal	0,97
Grimstad	0,79
Evje og Hornnes	0,39
Birkenes	0,37
Lyngdal	0,35
Kristiansand	0,06
Hægebostad	0,02
	<hr/>
	100,00

Ansvarsdelen er lik eigardelen.

Dersom det oppstår endring for ein eller fleire deltakarar på minst 10 % av opphavleg eigardel og denne endringa utgjer minst 2 prosentpoeng, skal styret ta initiativ til å få endre selskapsavtalen gjennom ny handsaming hos alle deltakarane.

## § 13 – Kapital og avkastning

Konsesjonskraft IKS sin kapital og inntekter kjem fram gjennom omsetning av konsesjonskraft og avkastning av kapitalen.

## § 14 – Fordeling av selskapet sine midlar

Dei midlane som vert tilførde Konsesjonskraft IKS, skal fordelast i samsvar med denne paragrafen.

For Aust-Agder gjeld fylgjande fordeling:

- For alle kommunane utanom Bykle og Valle gjeld:

- Konesjonskraftkommunane skal tildelast inntekter tilsvarande alminneleg forsyning tillagt inntil 10 GWh
- For kommunane Bykle og Valle gjeld:
  - Kommunen prioriterer den rimelegaste krafta innanfor det som til kvar tid er forbruket til alminneleg forsyning.
  - Overskytande kraft utover forbruket til alminneleg forsyning fordelast fylgjande:
    - Fylkeskommunen 90%
    - Kommunen 10%

For Vest-Agder gjeld fylgjande fordeling:

- For alle kommunane i Vest-Agder gjeld:
  - Kommunen prioriterer den rimelegaste krafta innafor det som til kvar tid er forbruket til alminneleg forsyning.
  - Overskytande kraft utover forbruket til alminneleg forsyning fordelast fylgjande:
    - Fylkeskommunen 95%
    - Kommunen 5%

## § 15 – Utgifter til administrasjonen

Utgiftene til administrasjon vert dekt av Konesjonskraft IKS sine inntekter og avkastning. Styret fastset løn til dagleg leiar.

Utgifter til administrasjon av Konesjonskraft IKS skal fordelast høvesvis på kommunane/fylkeskommunen etter storleiken på konesjonskraftinntektene det einkilde året.

## § 16 – Endring av selskapsavtalen

Selskapsavtalen skal vedtakast i kommunestyre og fylkesting av alle deltakarane.

Endringar i selskapsavtalen som gjeld endringar som nemnt i lov om interkommunale selskap § 4, tredje ledd, må vedtakast av kommunestyre og fylkesting. Dette gjeld:

1. Selskapet sitt føretaksnamn
2. Deltakarar i selskapet
3. Formålet til selskapet
4. Kommunen der selskapet har sitt hovudkontor
5. Tal på styremedlemmer
6. Deltakarane si innskotsplikt og plikt til å gjere andre ytingar overfor selskapet
7. Den enkelte deltakar sin eigardel i selskapet og den enkelte deltakar sin ansvarsdel i selskapet dersom denne avvik frå eigardelen.
8. Tal på representantar i representantskapet og kor mange medlemmer den enkelte deltakar oppnemner
9. anna som etter lov skal fastsettast i selskapsavtalen

Andre endringar kan gjerast med minst 2/3 av stemmene i eit vedtaksført representantskap.

## § 17 – Voldgift

Ein tvist mellom partane om denne kontrakten skal avgjerast med voldgift etter Lov om voldgift av 14. mai 2004 nr. 25, med mindre ein av partane krev avgjerd ved dei ordinære domstolane.

Voldgiftsretten skal bestå av tre medlemmer, kvar av partane vel eitt medlem. Voldgiftsretten sin leiar skal vere jurist i dømmande stilling, og blir valt av dei partane valde medlemmer i fellesskap.

## § 18 – Andre reglar

Selskapsavtalen erstattar selskapsavtalen frå 2014 og trer i kraft frå det tidspunkt alle nødvendige vedtak er gjort.

Det er deltakarane sin intensjon å reforhandle avtalen innan 1.7.2024.

Avtalen gjeld til og med 31.12.2029.

.....  
Dato Agder fylkeskommune

.....  
Dato Arendal kommune

.....  
Dato Birkenes kommune

.....  
Dato Bygland kommune

.....  
Dato Bykle kommune

.....  
Dato Evje og Hornnes kommune

.....  
Dato Flekkefjord kommune

.....  
Dato Froland kommune

.....  
Dato Grimstad kommune

.....  
Dato Hægebostad kommune

.....  
Dato Iveland kommune

.....  
Dato Kristiansand kommune

.....  
Dato Kvinesdal kommune

.....  
Dato Lindesnes kommune

.....  
Dato Lyngdal kommune

.....  
Dato Sirdal kommune

.....  
Dato Valle kommune

.....  
Dato Vennesla kommune

.....  
Dato Åmli kommune

.....  
Dato Åseral kommune



**PS 15/19 Eventuelt**